

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Heradsstyret	22.09.2014	048/14	RLOE

Endeleg vedtak i: Heradsstyret Saksansv .: John Ove Rørnes	Arkiv: N-468 Objekt:	J.post id. 14/8811	Arkivsaknr 13/828 - 5
---	---------------------------------------	------------------------------	---------------------------------

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORKØRETØY I UTMARK OG PÅ ISLAGTE VASSDRAG SAMT INVITASJON TIL Å SØKA OM Å DELTA I FORSØKSORDNINGA MED ETABLERING AV SNØSCOOTERLØYPER

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.06.2013	USS - Utmarkskommunenenes sammenslutning	Høyring - Framlegg til endringar i forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søka om å delta i forsøksordninga med etablering av snøscooterløyper
2	I	13.12.2013	Det kgl. miljøverndepartement	Fylkesmannen si rolle i forsøksordninga med snøscooterløyper
3	I	10.07.2014	Dkg. Klima- og miljødepartement	Høyring - bruk av snøscooter til fornøyleseskjøring - framlegg til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag
4	I	11.07.2014	USS v/Vigdis Ekeland	Endring av motorferdsellova på høyring
6	U	04.09.2014	Klima og miljødepartement	Høyring bruk av snøscooter for fornøyleseskjøring - Utsetting av høyringsfrist
7	I	07.09.2014	Utmarkskommunenenes sammenslutning	Høyringsuttale frå utmarkskommunenenes sammenslutning (USS) om forslag til endringar av motorferdselsloven med forskrift
8	I	10.09.2014	Dkg. Klima- og miljødepartement	Høyring om bruk av snøscooter for fornøyleseskjøring - uttsetting av høyringsfrist

Vedlegg:

Høyringsuttale frå utmarkskommunane si samanslutning (USS)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Motorferdselsloven

Saksutgreiing:

Klima og Miljødepartementet (KMD) har sendt ut på høyring forslag til endring i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselsloven), og forskrift av 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag (forskrift for motorkjøretøy i utmark).

Høyringsfristen er 19. september 2014. Ullensvang herad har søkt om utsettning til 24. september.

Regjeringa ynskte å gje kommunane større ansvar og råderett i eige lokalmiljø. I Sundvolderklæringa pkt. 10 heiter det at regjeringa vil la kommunane forvalta motorisert ferdsel i utmark. På bakgrunn av dette sette regjeringa vinteren 2013/ 14 i verk eit forsøk der 104 kommunar vart gjeve høve til å etablera snøscooterløyper for «*fornøyleseskøyting*». Sivilombudsmannen konkluderte i ein uttale 12. juni 2014 med at omfanget av forsøket låg utanfor dei rettslege rammene til forsøkslova. Regjeringa avgjorde 19. juni 2014 å avvikla forsøket og i staden leggja til rette for ein rask lovprosess. I vedtak, ved behandling av innst. 309 frå energi- og miljøkomiteen, bad stortinget regjeringa om snarast råd å leggja fram forslag til endring i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, som sikrar lokal forvaltning.

USS har på landstyremøte 27. – 29. september kome med høyringsuttale til forslag til lov og forskriftsendring.

Vurdering:

Motorferdselsloven § 4a forbudsoner:

Ullensvang herad støttar forslaget til endring frå USS ved å ta vekk “foreslåtte verneområder” i lovteksten.

Når det gjeld sonene for nasjonal villreinområder bør me skilja på villreinområde kl A og kl B. Når omfanget av nasjonalt villreinområde vart fastlagt gjennom arbeidet med regional plan for Hardangervidda, vart det bestemt at villreinområde skulle omfatta villreinen sitt potensielle leveområde og ikkje det villreinen faktisk nyttar. Villreinområde kl A er verna etter naturvernloven og kl B er område der “*utmarksnæring og friluftsliv skal utøvast, men tilpassast villreinens behov*” (jf. Regional plan for Hardangervidda s. 43). Me viser til brev frå KMD kap.3 der det vert antyda ei opning for bruk av villreinområde, under føresetnad av at det vert teke omsyn til villreinen. “*Departementet har vurdert om alle villreinområder bør vere unntatt, men har funnet at dette vil dekke svært omfattende arealer utan at det nødvendigvis er skadelig for villrein at det anlegges løyper i de enkelte områdene. I den grad de planlagte snøscooter løypene faktisk utgjør en trussel mot villrein eventuelt andre dyre- og fuglearter eller annet naturmangfold, plikter kommunen uansett å ta hensyn til dette...*”.

Ullensvang herad støttar forslaget om at ein ikkje kan etablera løyper i villreinområde kl A. Område som er klassifisert som kl B, er område som villreinen ikkje nyttar til vanleg, men som kan nyttast av villreinen. Me vil foreslå at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda, der vegen vert stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen. Dette ser me på som viktig for kommunar rundt villreinområde at ein har høve til å tillata scooterløyper i dei områda som er klassifisert som B område for villrein.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ullensvang heradsstyre støttar høyringsuttalen til forslag til lov og forskriftsendring frå Utmarkskommunenenes sammenslutning, men vil føya til følgjande endring i § 4a:

Når det gjeld sonene for nasjonal villreinområder bør ein skilja på kl A og B område der B område er område som villreinen ikkje nyttar men potensielt kan bruka. Heradsstyret føreslår at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda der vegen blir stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen.